



Representantforslag 51 S

(2013–2014)

frå stortingsrepresentantane Kjersti Toppe, Ivar Odnnes og Per Olaf Lundteigen

Dokument 8:51 S (2013–2014)

Representantforslag frå stortingsrepresentantane Kjersti Toppe, Ivar Odnnes og Per Olaf Lundteigen om betring av rammevilkår for organisasjonseigde kulturbygg

Til Stortinget

Bakgrunn

Fleire av dei frivillige organisasjonane ein finn i Noreg i dag, har vore viktige husbyggarorganisasjonar. Frå tidleg på 1900-talet blei det bygd mange hundretals ungdomshus, bedehus, Folkets hus, losjar og andre typar forsamlingshus rundt om i landet. Desse bygga var viktige for foreiningsarbeidet i bygdene, og var ein sentral del av framveksten av mange av dei store folkerørslene.

Husa er framleis viktige for den levande kulturen og kulturlivet i bygdene rundt om i landet. Dei frivillige organisasjonane byggjer framleis lokale kulturbygg, om ikkje i like stort omfang som i starten. Dei organisasjonseigde bygga er ein viktig del av mange kommunar sitt kulturliv, og mange lokale lag og foreiningar sørgjer i praksis for at mange lokalsamfunn har sitt eige kulturhus, som også blir brukt til offentlege samkomer.

Samtidig har det dei siste tiåra blitt bygd mange kommunale kulturhus. Desse husa konkurrerer ofte med dei organisasjonseigde kulturbygga om viktige offentlege tilskotsordningar. Samtidig som kommunane byggjer nye, større kulturhus, treng dei frivillige organisasjonane gode rammevilkår for å vedlikehalde og utvikle «dei små kulturbygga». Mange av dei organisasjonseigde kulturhusa har etter kvart eit tydeleg vedlikehaldsetterslep, og behovet for ombyggingar og modernisering er stort. Det vil òg krevje innsats for å gjere desse universelt utforma.

Kommunane har i varierende grad tilskotsordningar for å stø opp under den lokale kulturaktiviteten. Men lag som har eigne hus har ofte driftskostnader til straum, vedlikehald og offentlege avgifter som er det mangedobbelte av det dei mottok i offentlege tilskot. Dei organisasjonseigde kulturbygga blir i all hovudsak drivne på dugnad av medlemmer og bygdefolk.

Spørsmålet er i kva grad staten og fylkeskommunane kan vere med på å gje dei organisasjonseigde kulturbygga betre rammevilkår. I dag er det særleg to tilskotsordningar som kan trekkjast fram: den desentraliserte tilskotsordninga for lokale kulturbygg og momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar. Begge desse tilskotsordningane bør forberast for at dei skal treffe breiare, og i endå større grad bygge opp under at dei lokale kulturbygga er ein sentral del av den kulturelle grunnmuren.

Den desentraliserte tilskotsordninga for lokale kulturbygg blir forvalta av fylkeskommunane, etter retningslinjer frå Kulturdepartementet. Organisasjonseigde kulturbygg er i målgruppa for ordninga, men saman med ei mengd andre typar kulturbygg, med ulike juridiske einingar. Mellom anna konkurrerer ein med offentlege bibliotek, skular som er kombinerte med fleirbrukshus, offentlege og private museum samt andre typar lokale og regionale kulturbygg. Dette gjer at organisasjonseigde kulturbygg ofte kan kome langt ned på fylkeskommunane sine prioriteringslister, og søkjarar kan oppleve at ein i praksis aldri når opp på lista. Samstundes er erfaringa at tilskotsordninga ikkje er godt nok kjend hjå eigarar av dei lokale kulturbygga.

Det er, etter forslagsstillarane si vurdering, uheldig at organisasjonseigde og offentleg eigde kulturbygg konkurrerer om dei same midlane. Den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg bør derfor styrkjast og bli gjort betre kjent blant organisasjonane slik at den når så breitt som mogleg. Tilskotsord-

ninga bør delast i to, slik at offentleg eigde bygg og organisasjonseigde bygg har to ulike pottar, og slik at ein unngår at dei organisasjonseigde kulturbygga må konkurrere med offentleg eigde bygg. I tillegg bør ein vurdere ei nasjonal kartlegging av alle lokale kulturbygg for å få eit betre oversyn over behov og etterslep på kulturbyggsida.

Stortinget innførte i 2010 ei ny ordning der frivillige organisasjonar kan søkje om få kompensert kostnader til meirverdiavgift dei har hatt ved kjøp av varer og tenester. Målgruppa for ordninga er frivillige organisasjonar, og føremålet med ordninga er å fremje frivillig aktivitet. Søkjarar til denne ordninga må derimot gjere ein del frådrag av søknadsgrunnlaget, mellom anna ved at ein må trekkje frå kostnader ein har hatt til ny-, om- og påbyggingskostnader for bygg, anlegg og annan fast eigedom, dersom dette ikkje blir vurdert som kostnader til drift og vedlikehald. Dette betyr at frivillige lag og organisasjonar som eig kulturhus ikkje får nokon momskompensasjon ved nybygg, påbygg eller ombyggingar, altså vesentlege kostnadspostar for desse organisasjonane.

Forslagsstillarane meiner at momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar derfor må endrast slik at lokale lag og foreiningar som eig lokale kulturbygg også må sikrast momskompensasjon ved ny-, om- og påbyggingskostnader.

Forslag

På bakgrunn av dette vert det fremja følgjande

f o r s l a g :

1. Stortinget ber regjeringa betre dei økonomiske rammevilkåra for organisasjonseigde kulturbygg ved at momskompensasjon også blir gitt for ny-, på- og ombyggingskostnader for bygg, anlegg eller annan fast eigedom.
2. Stortinget ber regjeringa om at det blir oppretta ei eiga tilskotsordning for organisasjonseigde kulturbygg, innanfor den desentraliserte tilskotsordninga for lokale og regionale kulturbygg.

3. april 2014